

## MØTEPROTOKOLL

### Utdanningsutval HVL

**Dato:** 12.02.2019 kl. 09:00-15.00

**Sted:** Haugesund

**Arkivsak:** 18/07914

**Tilstede:** Bjørg Kristin Selvik, Anne-Grethe Naustdal, Johanne Marie Trovåg, Brit Julbø, Henrik Waage Tjore, Jonas Hagesæther Røthe, Gunhild Raunsgard, Halvor Austenå, Anne Kristin Rønsen, Gunhild Austrheim, Solfrid Kjøberg

**Møtende varamedlemmer:** Anne Kristin Rønsen, Gunhild Austrheim, Jonas Hagesæter Røthe

**Forfall:** Gunn Haraladseid, Turid B. Hitland

**Andre:** Merete Sviggum og Anne Gro Dalland på sak 3/19, Lene Borgen Waage, Bente Sønsthagen

**Protokollfører:** Bente Sønsthagen

SAKSKART			Side
<b>Vedtaksaker</b>			
<a href="#">1/19</a>	18/07500-12	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
<a href="#">2/19</a>	18/07500-14	Årshjul Utdanningsutvalet 2019	3
<a href="#">3/19</a>	19/01323-2	Modell for styring av studieporteføljen 2019-2023. Høringsutkast	4
<a href="#">4/19</a>	18/04252-44	Rulleringsplan for periodiske evalueringar	6
<a href="#">5/19</a>	18/04252-45	Arbeid med prosess-skildring samordning av studieprogram	6
<a href="#">6/19</a>	18/04252-	Status utvikling og implementering av systematisk arbeid	8

	46	med kvalitet i utdanningane ved HVL	
<a href="#">7/19</a>	19/01082-1	Oppnemning av representantar til komité - kvalitetskonferanse 2019	9
<b>Orienteringssaker</b>			
<a href="#">1/19</a>	18/07507-2	Kandidatundersøkelsen 2018 - presentasjon av resultat for HVL	10
<a href="#">2/19</a>	18/07500-13	Munnlege orienteringar	10

Haugesund, 12.02.2019

Bjørg Kristin Selvik  
møteleiar

### **1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	12.02.2019	1/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalet godkjenner innkalling og sakliste

### **Møtebehandling**

Det vart meldt inn to saker til ymse, Fellesemne ved HVL og obligatorisk undervising.

Sak 3/19 vart flytta fram til første sak.

Bente legger også inn lenke til OpenGov-nettsida i neste innkalling.

### **Vedtak**

Innkalling og sakslista vart godkjent.

## **2/19 Årshjul Utdanningsutvalet 2019**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	12.02.2019	2/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalet tek utkast til årshjul til orientering

Sekretariatet tar tilbakemeldingane knytt til heilskapleg arbeid med årshjul ved HVL med i det vidare arbeid.

### **Møtebehandling**

Utdanningsutvalet kom me følgjande tilbakemelding

Saker som skal behandlast:

- I tillegg til sakene som står i årshjulet, vil det framleis vere mogeleg å melde inn saker utanom. Døme er resolusjonar frå Studenttinget.
- Det er foreslått ein del nye oppgåver til utvalet i høyringa på ny forskrift til studium og eksamen, dersom dei blir vedteke må dei innarbeidast i årshjulet.
- Utdanningsutvalet skal få rapport om forsinka sensur etter kvart studieår, dette må innarbeidast i årshjulet.
- Ønskjer å ha sette eit «strategisk tema» som sak på kvart møte. Her kan medlemmene sjølve komme med innspel til kva ein ønskjer å drøfte. Dette er ein mogelegheit for utvalet til å sette dagsorden og fastsetje felles rammer for viktige utviklingssaker på utdanningsområdet. Dette bør også koplast opp mot arbeidet med årsrapport og plan.
- Forslag til slike strategiske tema er ordning for merittering av undervisning – emnestorleik og bruk obligatorisk undervisning. Det er også ønske om å diskutere internasjonalisering i utdanning og studentar sin deltaking i forskning på fellesmøte med Forsking- og Innovasjonsutvalet.

Møteplan og møtehyppigheit:

- Viktig å sikre at Utdanningsutvalet får saker til behandling før dei skal til styret, slik at utvalet kan komme med sine innspel eller forslag til tiltak.
- Må også diskutere kor grensegangane mellom Utdanningsutvalet og andre råd og utval på institusjons- og fakultetsnivå skal gå. Dette blir tema på fellesmøte med LMU i april.
- Det er ønske om å få til eit treffpunkt mellom studentdemokratiet/arbeidsutvalet og utdanningsutvalet i løpet av året.
- Møteform og hyppigheit må vurderast etter ny forskrift er vedteken. Sak om evaluering av korleis arbeidet i utvalet har vore blir sett opp i junimøtet.

## **Vedtak**

Utdanningsutvalet tek utkast til årshjul til orientering

Sekretariatet tar tilbakemeldingane knytt til heilskapleg arbeid med årshjul ved HVL med i det vidare arbeid.

## **3/19 Modell for styring av studieporteføljen 2019-2023. Høringsutkast**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	12.02.2019	3/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalget godkjenner høringsutkast til modell for studieporteføljestyling med eventuelle endringer som framkommer i møtet.

### **Møtebehandling**

Utdanningsutvalet drøfta saka og kom med innspel til spørsmåla i saksutgreiinga.

#### *1. Begrepet utdanningskvalitet*

- Måla kan gjerast meir eksplisitte, men dette må gjerast i rammeverket på sikt.
- Fagleg berekraft: Forskingsdekning på studieprogrammet må vere med. På bachelorprogramma skal det vere forskning innanfor dei vesentlege delane av programmet.
- Campusdimensjon er viktig å ha med i porteføljestylinga. Kva skjer med enkeltcampus dersom eit studieprogram skal leggast ned?
- Nasjonale føringar må me forholde oss til, men i tillegg kan HVL legge føringar ut frå strategisk betydning og profil. Dette må også sjåast i samanheng med periodisk programevaluering.

#### *2. Kriterium og indikatorar.*

- Fornuftig å ha indikatorane som eit eige dokument, slik at det er lettare å justere dette.
- Viktig å konkretisere og talfeste omgrep; kva er lågt fråfall, kva er høg gjennomstrømming? Meiner vi minimumstal på studentar per kull, eller per studieprogram?
- Har i dag nokre kriterier som det er vanskeleg å telje; t.d oppgåver i samarbeid med arbeidslivet. Viktig å lage indikatorar som det er mogeleg å operasjonalisere og måle.
- Det må gjerast meir tydeleg kva ein har tenkt med ph.d- programma, og om dei same indikatorane også skal vere med i vurderinga her.

- Viktig å rydde i begrepsbruken og passe på at ein er konsekvent her. Forskjellen mellom indikatorar og kriterium må gjerast så tydeleg og forståeleg som mogeleg.
- Må også komme tydlegare fram at det er fleire kjelder som vert brukt for å vurdere studieprogramma, og at det er tendensar over tid som skal ligge til grunn for vurdering av tiltak på enkelte studieprogram.

### *3. Plassering av indikatorar*

- Vurdere å flytte nokre indikatorar frå Strategisk til Fagleg berekraft.

### **Vedtak**

Utdanningsutvalet godkjenner høringsutkast til modell for studieporteføljestyling med innspela som kom fram i møtet. Utkastet vert sendt på høyring til fakulteta, prorektorane, direktørane, Studenttinget, LMU og fagforeiningane.

## **4/19 Rulleringsplan for periodiske evalueringar**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	12.02.2019	4/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

- Utdanningsutvalet godkjenner prosess-skildring for gjennomføring av periodisk evaluering
- Utdanningsutvalet godkjenner rulleringsplan for periodiske evalueringar 2019-2024, der åtte studieprogram er pilotar i 2019

### **Møtebehandling**

Prodekanane meldte tilbake at det er krevjande å ha mange periodiske evaluering i denne fasen med stor grad av samordning av studieprogramma og stort press på administrative og faglege ressursar. På fleire studieprogram er det også nettopp gjennomført egne tilsyn frå NOKUT. (BSV, byggingeniør).

Samtidig viktig å komme i gang med pilotar no i 2019, for å få testa ut form og metode på desse.

Det organet som akkrediterer studieprogramma skal også ha ansvar for reakkreditteringa. Samtidig kan det verte utfordrande å handsame alle rapportar frå programevalueringane når dette er i full drift.

Eksterne må vere med i evalueringskomiteane.

Bør melde inn til høyring av forskrift om studium og eksamen at det også bør stå noko om mynde til reakkredittering der.

### **Vedtak**

- Utdanningsutvalet godkjenner prosess-skildring for gjennomføring av periodisk evaluering med dei merknadane som kom fram i møtet.
- Utdanningsutvalet godkjenner følgjande studieprogram som pilotar i 2019:  
FLKI: Bachelor i idrett, fysisk aktivitet og helse, Sogndal og Master i barnehagevitenskap, Bergen  
FIN: Master i brannsikkerheit  
FØS og FHS: Tar ein runde med fakultetet og melder tilbake om det er mogleg å gjennomføre ein pilot i 2019
- I lys av erfaringane frå dei gjennomførte pilotane og fakultetsvise prosessar, ber Utdanningsutvalet om å få tilbake sak om fastesetjing av rulleringsplan for 2020 - 2025 i november 2019.

## **5/19 Arbeid med prosess-skildring samordning av studieprogram**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	12.02.2019	5/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalet godkjenner prosess-skildring samordning med dei endringar som kjem fram i møtet.

### **Møtebehandling**

- Det er viktig å få fram at dei eksisterande studieprogramma også må ha fokus på utvikling i kvalitet, då det vil vere ein lang periode med overlappende program.
- Avdeling for studieadministrasjon og avdeling for utdanningskvalitet må begge ha beskjed om at prosessen er starta, slik at ein sikra ivaretaking av studieadministrative tenester som eksamensavvikling, nye kodar i FS, innmelding til Samordna Opptak osv.
- Overgangsordningar og konsekvensutgreiing for studentar som vert forsinka må vere ein eigen boks.
- Må ha med ei formulering kva som skjer før vedtaket om samordning er gjort; behov for eigne prosjektgrupper, skal det vere eige mandat her?
- Kople opp mot begrepsbruken i rammeverket, statusbilde, osv.
- Bør også diskutere om det skal settast overordna føringar for kor likt studieprogramma skal vere før det kan kallast samordna. Desse føringane må i tilfelle vedtas snarleg.
- Passe på å skrive inn i omtalen at faglærarar, studentar og samfunns/arbeidsliv skal vere representert i referansegrupper eller liknande.
- Bytte ut omtale av studieprogramansvarlege med faglege leiarar, då er det også mogeleg med instituttleiarar og liknande.

### **Vedtak**

Utdanningsutvalet godkjenner den overordna prosess-skildringa med dei endringar som kom fram i møtet. Det må presiserast at dette er prinsipp som i hovudsak skal følgjast, men at det skal kunne tilpassast studieprogramma sin eigenart. Utdanningsutvalet ber om å få endeleg prosess-skildring tilbake til orientering.

## **6/19 Status utvikling og implementering av systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL**

Behandlet av		Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL		12.02.2019	6/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

- 1) Utdanningsutvalet godkjenner revidert rammeverk for systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL.
- 2) Utdanningsutvalet tek status utvikling og implementering av systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL til orientering.

### **Vedtak**

- 1) Utdanningsutvalet godkjenner revidert rammeverk for systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL.
- 2) Utdanningsutvalet tek status utvikling og implementering av systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane ved HVL til orientering.
- 3) Utdanningsutvalet meiner det er jobba særst godt med utvikling og implementering sidan rammeverket vart vedteke i november.



## **7/19 Oppnemning av representantar til komité - kvalitetskonferanse 2019**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	12.02.2019	7/19

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Utdanningsutvalet oppnemnar følgjande representantar til planleggingskomitéen for Kvalitetskonferansen:

- 1.
- 2.

Vara:

- 1.
- 2.

### **Møtebehandling**

Utdanningsutvalet kom med følgjande innspel til tema:

- Studentaktive læringsformer, mellom anna digitalisering av utdanningane
- Korleis få utbytte av anonyme undersøkingar, samt korleis auke svarprosenten
- Medverknad og inkludering av studentar – bygging av kultur for deltaking og læring
- Internasjonalisering heime

### **Vedtak**

Utdanningsutvalet oppnemnar følgjande representantar til planleggingskomitéen for Kvalitetskonferansen:

1. Henrik W. Tjore
2. Gunn Haraldseid

Vara:

1. Jonas H. Røthe
2. Anne-Grethe Naustdal

<b><u>Saknr</u></b>	<b><u>Arkivsak</u></b>	<b><u>Tittel</u></b>
1/19	18/07507-2	<p>Kandidatundersøkelsen 2018 - presentasjon av resultat for HVL.</p> <p>Björg Kristin gjekk gjennom vedlagt presentasjon. Det skal lagast ein nettbasert presentasjon/webinar av resultatata som vert lagt ut på nettsidene til høgskulen.</p>
2/19	18/07500-13	<p>Munnlege orienteringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Styrevedtak: Forskrift om opptak HVL.</li> <li>- Arbeid med revisjon av forskrift om studium og eksamen.</li> <li>- Prosjekt om sensorar - oppnemning og honorar.</li> <li>- Dokumentasjon NOKUT – tilsyn.</li> <li>- Arbeid med utdanningsdel i årsrapport.</li> </ul> <p>Ymse:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruk og krav til obligatorisk undervisning – kva linje skal me legge oss på i HVL? I tillegg behov for å sjå på system for timeplanregistrering, få ein felles praksis og rutine. Det er ønske om å ha ein diskusjon på institusjonsnivå om dette, så det kjem opp som sak i utvalet seinare.</li> <li>- Fellesemne ved HVL. Arbeidsgruppa har laga ein rapport, som har vore behandla i strategisk leiargruppe. Mange av momenta er allereie ein del av utdanningane ved HVL, det blir oppnemnt ei gruppe som skal lage emneplan. FHS har meldt seg som pilot på prosjektet.</li> </ul>